

Høyringsnotat

Politiavdelinga

Dato: 27. januar 2025

Saksnr: 25/573

Høyringsfrist: 10. mars 2025

Endringar i våpenforskrifta § 5-1 – løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar som skal brukast av andre

1 Innhaldet i høyringsnotatet

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår i dette høyringsnotatet endringar i forskrift 7. mai 2021 nr. 1452 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenforskrifta) § 5-1. Forslaget går ut på å klargjere kva reglar som gjeld for at politiet skal kunne gje løyve til personar som ervervar skytevåpen og våpendelar på vegne av nokon som grunna alder ikkje sjølv kan erverve og oppbevare desse. På den måten vert det tydelegare kva regler som gjeld for at personar under 21 år kan få tilgang til pistol og revolver. Gjeldande ordlyd i § 5-1 fjerde og femte ledd er ikkje heilt klar på kva krav som gjeld for løyve til ulike typar våpen, og speglar heller ikkje at det er innført ein heimel om fritak frå alderskravet på 21 år for å erverve og ha pistol eller revolver i § 7-2. Endringsforslaget rettar også opp i somme tilvisingar til andre føresegner i våpenforskrifta.

Departementet har i samband med dette regelverksarbeidet funne grunn til å sjå på om det bør stillast krav om ein viss våpendugleik hjå den som skal erverve og oppbevare skytevåpenet og våpendelane for brukaren. Det vert difor foreslått å innføre eit krav om tilstrekkeleg våpendugleik hjå ervervaren i føresegna.

2 Bakgrunn. Gjeldande rett

Aldersgrensa på 18 år for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i gjeldande våpenlov er ei vidareføring frå våpenlova 1961. Det same gjeld aldersgrensa på 21 år for å kunne erverve og ha pistol eller revolver og våpendelar til desse, sjå gjeldande våpenlov § 15 første ledd.

Tidlegare kunne personar som ikkje kunne erverve og ha skytevåpen og våpendelar grunna alder berre få fritak frå alderskravet for rifler og haglevåpen. Heimelen for fritak frå alderskravet på 18 år for slike våpen er vidareført i våpenlova § 15 andre ledd, som fastset at politiet kan gje fritak til personar som har fylt 16 år så lenge verje samtykker til ervervet, og så framt skytevåpenet eller våpendelen kan oppbevarast av ein person som oppfyller krava til alder,andel og personlege eigenskapar. Fleire vilkår går fram av våpenforskrifta § 7-1.

Med gjeldande våpenlov, som tok til å gjelde saman med ny våpenforskrift 1. juni 2021, vart det i § 15 tredje ledd innført som noko nytt at personar over 18 år kan få fritak frå alderskravet på 21 år for å erverve og ha pistol og revolver. Politiet kan

gje slikt fritak for inntil eitt år av gangen. Bakgrunnen for regelen går fram av Våpenlovutvalet sine uttaler i NOU 2011: 19 punkt 13.5.3 side 81:

Hensynet til unge aktive skyttere vil være ivarettatt ved regler om bruk av våpen under tilsyn, samt ved politimesterens adgang til å gi dispensasjon for de yngste skytterne mellom 16 og 18 år. Sistnevnte med de begrensninger som følger av våpendirektivet, jf. punkt 13.1. Det foreligger også en adgang til å erverve skytevåpen som skal brukes av andre som ikke kan erverve skytevåpen på grunn av alder. Dette kan være en praktisk løsning både for DFS-skyttere, skiskyttere, jegere på opplæringsjakt, samt andre aktive skyttere under 16 år. Behovene til unge skyttere og jegere ivaretas i all hovedsak i dag, med unntak av at det for særlig aktive konkurranseskyttere under 21 år kan oppleves tungvint å transportere enhåndsskytevåpen til og fra trening og konkurranse. Bakgrunnen for dette er at de vil være avhengige av at en person over 21 år påtar seg ansvaret for transporten. Dette vil gjelde et fåtall unge skyttere på nasjonalt toppnivå. Behovet til denne forholdsvist lille gruppen kan imøtekommes ved at det åpnes for en dispensasjonsadgang for særlig aktive konkurranseskyttere under 21 år, men over 18 år.

Våpenforskrifta § 7-2 fastset vilkåra for at personar over 18 år og under 21 år kan få fritak frå alderskravet for å få løyve til å erverve og ha pistol og revolver. Vedkomande må ha «gjennomført tryggingsopplæring for den aktuelle våpentypen hos den godkjente skyttarorganisasjonen» (nr. 1), «i minst to år vore medlem i skyttarorganisasjon med godkjent skyttarprogram for den aktuelle våpentypen» (nr. 2), og «dei siste to åra gjennomført minst 10 opne stemner med den aktuelle våpentypen hos den godkjente skyttarorganisasjonen» (nr. 3). Det er med dette sett krav om lengre medlemskap og høgare aktivitet hjå brukaren, samanlikna med det som gjeld for å erverve og ha slike våpen for personar som er 21 år, sjå § 4-6 nr. 2 og 3. Dette speglar at høvet til å få fritak frå alderskravet har til formål å gjere det mogleg for særleg aktive yngre skyttarar erverve og oppbevare slike våpen.

Heimlane for å gje dispensasjon frå alderskrava i våpenforskrifta §§ 7-1 og 7-2 må sjåast i samanheng med heimelen for å gje løyve til å erverve og ha skytevåpen på vegne av nokon som grunna alder ikkje sjølv kan få slikt løyve i § 5-1. Sistnemnde er gjeve med heimel i våpenlova § 41 nr. 13.

Etter våpenforskrifta § 5-1 første ledd kan politiet gje løyve til både rifler, haglevåpen, pistol og revolver når vilkåra for å få løyve i føresegna er oppfylt. Personar som ervervar og oppbevarer skytevåpenet og våpendelane på vegne av brukaren må oppfylle krava til alder og personlege eigenskapar, men dei treng ikkje, i motsetning til brukaren, å oppfylle kravet til behov, sjå tredje ledd.

Krava til brukaren sitt behov følgjer av § 5-1 fjerde ledd. Fjerde ledd første punktum fastset at den som skal bruke skytevåpenet og våpendelen må vere under 16 år. Bakgrunnen for den øvre aldersgrensa for brukaren er at personar over 16 år kan søke om fritak frå alderskravet på 18 år for løyve til rifler, kombinasjonsvåpen eller haglevåpen etter § 7-1. Lest i samanheng med resten av føresegna i § 5-1 må ein forstå denne aldersgrensa som at den berre gjeld for desse våpena. Av femte ledd første punktum går det fram at for å kunne gje løyve for pistol og revolver, må den som skal bruke skytevåpenet vere «mellom 12 og 21 år». Dermed er det berre høve til å gje løyve for rifler eller haglevåpen når brukaren er under 16 år, og løyve til pistol eller revolver kan gjevast når brukaren er over 12 år og under 21 år.

For jakt skal det leggst fram dokumentasjon på at brukaren er registrert i Jegerregisteret og skal drive jakt i samsvar med reglane om opplæringsjakt i viltlovgevinga, jf. § 5-1 fjerde ledd nr. 2.

For sportsskyting skal det leggst fram dokumentasjon frå godkjent skyttarorganisasjon på at brukaren oppfyller krava til erverv av skytevåpen etter § 4-4 til § 4-7 for den aktuelle våpentypen, jf. § 5-1 fjerde ledd nr. 1. Tilvisinga til § 4-4 er til krava for erverv av halvautomatiske rifler og våpenmagasin med stor patronkapasitet. Det kan ikkje lenger ervervast halvautomatiske rifler på vegne av andre etter føresegna, jf. § 5-1 andre ledd første punktum. Bakgrunnen for dette er at denne våpentypen har potensiale for å kunne gje stor eldkraft og såleis er mindre eigna til dei yngste skyttarane, jf. høyringsnotatet til ny våpenforskrift frå 12. mars 2020 kapittel 5 side 12. Tilvisinga til § 4-4 er såleis misvisande.

Tilvisinga til § 4-6 er til krava for erverv av pistol og revolver til sportsskyting. Løyve etter § 5-1 kan gjevast til å erverve og ha slike våpen dersom brukaren har «gjennomført tryggingsopplæring arrangert [av] skyttarorganisasjonen» (§ 4-6 nr. 1), «i minst seks månader har vore medlem i skyttarorganisasjon som har godkjent skyteprogram for den omsøkte våpentypen» (§ 4-6 nr. 2), og «siste seks månader har gjennomført 10 av skyttarorganisasjonen sine organiserte treningar eller konkurransar» (§ 4-6 nr. 3). Desse krava gjeld for alle brukarar, også dei som er over 16 år. Dette er likevel ikkje heilt klart når tilvisinga går fram av § 5-1 fjerde ledd, som også set krav om at brukaren må vere under 16 år for å få løyve. Som nemnt ovanfor er denne øvre aldersgrensa for brukaren meint å gjelde for rifler, kombinasjonsvåpen eller haglevåpen, då personar over 16 år og under 18 år kan søke om fritak frå alderskravet etter § 7-1 slik at dei kan gjevast eige løyve.

Fritaksheimelen i § 7-2 lest i samanheng med heimelen til å gje løyve på vegne av andre i § 5-1, inneber at personar i aldersgruppa 18 til 21 år kan få tilgang til pistol og revolver anten ved at ein person som fyller alderskravet får løyve på vegne av brukaren, eller i form av at brukaren får fritak frå alderskravet. Men fritak frå alderskravet er berre eit alternativ for dei som fyller dei strengare vilkåra til medlemsskap og aktivitet som går fram av § 7-2 nr. 2 og 3.

3 Departementet si vurdering

For å tydeleggjere at det i våpenforskrifta § 5-1 er ulike regler for dei ulike våpentypene foreslår departementet at vilkåra for erverv på vegne av andre av rifler, kombinasjonsvåpen og haglevåpen regulerast i fjerde ledd, medan vilkåra for slikt erverv av pistol og revolver regulerast i femte ledd.

Forslaget til endringar i § 5-1 fjerde ledd gjer det klart at dette leddet gjeld løyve til å erverve og ha rifler, kombinasjonsvåpen eller haglevåpen som skal brukast av andre. Kravet om at brukaren ikkje må vere over 16 år speglar at dei over 16 år kan få fritak frå alderskravet etter § 7-1. Vilråa i føresegna er elles dei same.

Forslaget til endringar i § 5-1 femte ledd gjer det klart at det kan gjevast løyve til å erverve og ha pistol eller revolver til brukarar som er mellom 12 år og 21 år. Tilvisinga til § 4-6 om krav for å erverve pistol eller revolver til sportsskyting er flytta hit. Vilråa som gjeld kan då utleia direkte frå ordlyden, og klargjer samstundes at § 4-6 gjeld uavhengig av aldersgruppa brukaren høyrer til.

Tilvisinga til § 4-4 i gjeldande § 5-1 fjerde ledd nr. 1 er ikkje vidareført i endringsforslaget. Ein viser til merknaden over om at det ikkje lenger kan gjevast løyve til å erverve og ha halvautomatiske rifler og våpenmagasin med stor patronkapasitet på vegne av andre, jf. § 5-1 andre ledd første punktum.

Tilvisinga til § 4-5 i gjeldande § 5-1 fjerde ledd nr. 1 er heller ikkje foreslått vidareført i endringsforslaget, då same avgrensing følgjer av § 5-1 andre ledd andre punktum. I tillegg er noko tekst fjerna for å gjere føresegna meir lesarvennleg, men det er ikkje tilsikta endringar i det materielle innhaldet.

Departementet reiser også spørsmål om det bør krevjast våpendugleik for å erverve og ha skytevåpen og våpendelar som skal brukast av andre etter § 5-1. Føresegna om erverv på vegne av andre set ikkje dei same krava til våpendugleik hjå den som skal erverve skytevåpen på vegne av brukaren som for erverv på anna grunnlag. Sjølv om denne personen ikkje skal bruke våpena er dei ansvarleg for mellom anna transport og oppbevaring. Om til dømes ein forelder utan noko kjennskap til våpen skal handtere skytevåpenet vil det kunne innebere ein viss tryggingsrisiko. Eit minstekrav til våpendugleik vil bidra til å sikre at våpena handterast forsvarleg. Dugleik vil vere tenleg for alle våpentypar, men særleg for pistol og revolver, som set endå større krav til trygg handtering.

På denne bakgrunn foreslår departementet eit krav om våpendugleik for ervervaren i § 5-1 tredje ledd. Forslaget går ut på å stille same krav til våpendugleik som det som går fram av § 4-3 andre ledd andre punktum, kor det heiter at «[d]et kan berre gjevast løyve til personar som kan dokumentere tilstrekkeleg våpendugleik, som til dømes gjennomført førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon». I Politidirektoratet sitt rundskriv, RPOD-2022-8 (punkt 3.1) er det lagt til grunn at også «sikkerhetskurs i skytterklubb, stevneaktivitet [...] eller annen dokumentert opplæring [...] gir grunn til å anta at søker kan handtere våpen på en sikker måte».

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om eit slikt krav bør innførast for personar som ervervar skytevåpenet og våpendelen på vegne av andre, eller om det er andre krav som er betre eigna. Direktoratet vil kunne gje dømer på kva som oppfyller kravet om våpendugleik etter føresegna i rundskrivet.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet kan ikkje sjå at endringane i våpenforskrifta § 5-1 som er foreslått i seg sjølv vil få økonomiske eller administrative følgjer av betyding.

Politidirektoratet må gjere endringar i rundskrivet RPOD-2022-8 *Retningslinjer for behandling av saker etter våpenlova* i tråd med endringsforslaget.

5 Forslag til endringar i våpenforskrifta § 5-1

Departementet foreslår følgjande endring i forskrift 7. mai 2021 nr. 1452 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon:

§ 5-1 skal lyde:

§ 5-1. Erverv og innehav av skytevåpen og våpendelar som skal brukast av andre
Politiet kan gje løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar til personar som skal oppbevare dei på vegne av nokon som grunna alder ikkje sjølv kan erverve og ha skytevåpen.

Politiet kan gje løyve etter første ledd for rifler, kombinasjonsvåpen eller haglevåpen med enkeltskot eller manuell omlading, halvautomatiske haglevåpen, pistolar og revolverar. Løyvet skal vere avgrensa til våpentypar som lovleg kan brukast til det føremålet som grunnleggjend ervervet.

Politiet kan berre gje løyve etter første ledd når den som ervervar skytevåpen og våpendelar og den som skal bruke skytevåpenet og våpendelen oppfyller krava til personlege eigenskapar etter kapittel 7 i denne forskrifta og våpenlova § 16. Den som skal erverve og ha skytevåpen og våpendelar på vegne av andre må i tillegg oppfyller krava til alder etter våpenlova § 15 og *dokumentere tilstrekkeleg våpendugleik*, men treng ikkje oppfyller kravet til behov som er gjeve i eller i medhald av våpenlova kapittel 4.

For at politiet skal kunne gje løyve etter første ledd *til å erverve og ha rifle eller haglevåpen* må den som skal bruke skytevåpenet og våpendelen vere under 16 år og *oppfyller krava for erverv til sportsskyting etter § 4-7 eller vere registrert i Jegerregisteret og oppfylle krava for opplæringsjakt i viltlovgevinga*.

For at politiet skal kunne gje løyve etter første ledd til å erverve og ha pistol eller revolver må den som skal bruke skytevåpenet og våpendelen vere mellom 12 og 21 år og *oppfyller krava for erverv til sportsskyting etter § 4-6*. Om den som skal bruke skytevåpenet er under 18 år, kan politiet berre gje løyve til erverv av pistol eller revolver i kaliber .22 Long Rifle.

Politiet kan gje løyve etter første ledd for inntil to år av gangen. Ved søknad om å *forlenge løyvet* skal søker dokumentere at vilkåra for løyvet framleis er oppfylte.